

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019
027/2019	Kommunestyret i Radøy	PS	03.10.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	19/1733	19/12542

### Rett til gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Som ein del av samanslåinga av Radøy, Lindås og Meland kommunar må ein ha likt utgangspunkt for å vurdere elevane sin rett til skuleskyss og definere farleg skuleveg. Lindås hadde i 2018 ei kartlegging av farleg skuleveg gjennomført av Norconsult. Våren 2019 har Radøy kommune gjort liknande kartlegging og det er planlagt at Meland kommune vil gjere det same.

##### Vurdering

Under er det lagt inn utklipp frå rapporten til Norconsult som viser vegsystemet som elevane må nytta. Det viser med oransje farge vegar som vert vurdert som farlege for born i 1. og 2. trinn. Dei vegane som har raud farge vert vurdert som farlege for alle elevane og vil gje rett til gratis skyss.

##### Folkehelse:

I Radøy kommune sin trafikkisikringsplan 2014-2020 er det sett opp følgjande målsetjing: *Folkehelseperspektivet er viktig i arbeidet og befolkninga skal ha trygge vegar å gå og bevega seg på, lett tilgjengeleg.*

Det er aukande trafikk på vegane i Radøy, med mange uoversiktlege delar av vegen. Kommunen har siste året fått fleire meldingar frå føresette som er uroleg for barna som ferdast langs vegane til og frå skulen.

Det bør på sikt vere ei målsetjing at så mange som mogeleg kan gå eller sykle til skulen og såleis skape gode og sunne vanar som tek i vare helse og miljø.

##### Miljø:

På grunn av standarden på vegane rundt skulane vel mange føresette å køyre barna til og frå skulen. Det er med på å auke trafikken inn mot skulane og tidvis skape farlege situasjonar i trafikken. Ut frå klimamål bør vi redusere biltrafikken.

##### Økonomi

Kartlegginga til Norconsult vil definere fleire av vegane inn mot skulane som farleg skuleveg. Det vil føre til auka skysskostnadar for kommunen. Ut frå kartlegging vert det ca 80 elevar som vil ha krav på gratis skyss om ein følgjer Norconsult sine tilrådingar. Det utgjer ein kostnad på 577 000 kroner i året. Om ein vedtek å følgje nye retningslinjer frå 1.10.19 vil kostnaden for 2019 verte på 161 000 kr fram til nyttår.

## **Konklusjon**

Ved å definere fleire av vegane på Radøy som særleg farleg skuleveg vil ein langt på veg sikre at barn ikkje skadar seg i trafikken, og redusere trafikk inn mot skuleanlegga før og etter skuletid. Det vil verte ein lik praksis på korleis vi definerer særleg farleg skuleveg i Alver frå 1.1.20. Auka kostnader må leggest inn i budsjett for 2020.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune definerer særleg farleg skuleveg ut frå «Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, Radøy kommune, datert 5.7.2019» utført av Norconsult. Elevar som har adresse som gjer at dei må forbi område som er definert som særleg farleg, får vedtak om gratis skuleskyss frå 1.oktober 2019.

## **Formannskapet i Radøy - 042/2019**

### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS - vedtak:**

Radøy kommune definerer særleg farleg skuleveg ut frå «Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, Radøy kommune, datert 5.7.2019» utført av Norconsult. Elevar som har adresse som gjer at dei må forbi område som er definert som særleg farleg, får vedtak om gratis skuleskyss frå 1.oktober 2019.

## **Kommunestyret i Radøy - 027/2019**

### **KS - handsaming:**

Silje Namtvedt (SP) kom med følgjande protokollmerknad:

Slettevegen er merka oransje, som gjev rett til gratis skuleveg for 1. og 2. klassingar. Denne bør vera raud grunna tungtrafikk og høg hastigheit.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

### **KS - vedtak:**

Radøy kommune definerer særleg farleg skuleveg ut frå «Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, Radøy kommune, datert 5.7.2019» utført av Norconsult. Elevar som har adresse som gjer at dei må forbi område som er definert som særleg farleg, får vedtak om gratis skuleskyss frå 1.oktober 2019.

## **Vedlegg:**

Farleg skuleveg i Radøy - kart

Farleg skuleveg Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg\_v02